



Arkivnr: 2014/24243-3

Saksbehandlar: Britt Karen Spjeld

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		16.04.2015

**Fordeling av tilskot til tiltak i statleg sikra friluftsområde, kap. 1420, post 78****Samandrag**

I rundskriv T-1/14 om tilskotsordninga for 2015 innan naturforvaltning, friluftsliv, kulturminnevern og forureining frå Klima og miljødepartementet er det sett krav om at søker skal vere underretta om tildeling innan 1. april 2015. Kultur- og ressursutvalet vedtok i møte 22. januar 2015 at fordeling av midlar til tiltak i statleg sikra friluftsområde, kap. 1420 post 78 skal skje ved politisk vedtak.

Tilskotsordninga tiltak i statleg sikra friluftsområde har mål om å:

- minske dei fysiske hindringane for friluftsliv og leggje til rette for auka friluftsaktivitet for alle.
- ivareta kvalitetar knytt til opplevingar i området, og leggje til rette for gode naturopplevingar.
- hindre at friluftsliv fører til unødige naturinngrep, slitasje og forstyrring på plante- og dyrelivet, og øydelegging av kulturminne og kulturmiljø.

Tilskotsordninga prioriterer friluftsområde som:

- Ligg i og ved byar og tettstader.
- Blir eller har potensial for å bli mykje brukt.
- Ligg i område med lite tilgjengeleg strandsone og stort press på areala.
- Ligg nær innlandsvassdrag.

Miljø og klimadepartementet har for 2015 fordelt kr 23.070.000 til fylkeskommunane til tiltak i statleg sikra friluftsområde, kap. 1420, post 78. Hordaland fylkeskommune er tildelt kr 3 mill. til vidare fordeling. Kr 300.000 av desse er øyremerka tilrettelegging for universell utforming. Innan fristen 1. februar kom det 22 søknadar med ein samla kostnad på kr 21 343 940 og søknadsbeløp på kr 14 934 440. I tabellen under er kostnad og søknad frå eit prioritert friluftsområde i kvar medlemskommune i Friluftsrådet Vest teke med i beregningsgrunnlaget for å kunne samanstille med søknadar frå Bergen og Omland friluftsråd.

**Forslag til vedtak**

Kultur og ressursutvalet fordeler kr 3 mill. til tiltak i sikra friluftsområde, kap. 1420, post 78 for 2015 slik (kr 300.000 er øyremerka universell utforming):

Søkjær	Tiltak	Kostnad	Søknad	Tilskot
Bergen og Omland Friluftsråd	Tiltak i 19 statleg sikra friluftsområder i 17 kommunar	13 200 000	9 600 000	2 300 000
Bergen og Omland Friluftsråd	Sikre friluftsområder etter vindfall	400 000	300 000	0

Austrheim kommune	Tilkomst og parkering til Årvika friluftsområde	192 440	105 440	80 000
Askøy kommune	Merking og sikring av inngangsparti til karteret og utarbeide amfi på Herdla Fort	1 359 000	434 000	0
Friluftsrådet Vest	Tiltak i 5 statleg sikra friluftsområder i 5 kommunar	2 275 000	1 600 000	580 000
Granvin Herad	Opprydding etter gamal jernbanetrase ved Øyrane bygdatun	80 000	40 000	40 000
Granvin Herad	Leggje ut lense ved Grandane badeplass for å hindre rekved og søppel å kome inn på stranda.	382 500	160 000	0
<b>Totalt</b>		<b>17 888 940</b>	<b>12 239 440</b>	<b>3 000 000</b>

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 26.03.2015

### Bakgrunn

I rundskriv T-1/14 om tilskotsordningar for 2015 innan naturforvaltning, friluftsliv, kulturminnevern og forureining frå Klima og miljødepartementet er det sett krav om at søker skal vere underretta om tildeling innan 1. april 2015. Kultur- og ressursutvalet vedtok i møte 22. januar 2015 at fordeling av midlar til tiltak i statleg sikra friluftsområde, kap. 1420 post 78 skal skje ved politisk vedtak. Hordaland fylkeskommune sendte 11. februar brev til Klima og miljødepartementet der det vart orientert om Hordaland fylkeskommune ikkje kan innfri deira krav om at søker skal vere underretta om tildeling innan 1. april og at sak om tildeling midlar til denne posten vert vedteken 16. april 2015. I brevet vart det også bede om at Klima- og miljødepartementet tilpassar tidsfristar for tilskotsordningar til det regionale folkevalde nivået i rundskriv for 2016. I tillegg vart departementet oppmoda om at fylkeskommunane så tidleg som mogeleg på året får vite tildelt sum på dei ulike tilskotsordningane, og at midlane vert overført til fylkeskommunane medio april til vidare utbetaling av tildelte midlar til søkerar.

Tilretteleggingstiltak i varig sikra friluftsområde med følgjande hovudføremål kan støtta:

- Minske dei fysiske hindringane for friluftsliv og leggje til rette for auka friluftsaktivitet for alle.
- Ivaretak kvalitetar knytt til opplevingar i området, og leggje til rette for gode naturopplevingar.
- Hindre at friluftsliv fører til unødige naturinngrep, slitasje og forstyrring på plante- og dyrelivet, og øydelegging av kulturminne og kulturmiljø.

Midlane skal i hovudsak nyttast til friluftsområde som blir intensivt brukt og som kjem store delar av befolkninga til gode. Tilskotsordninga prioriterer friluftsområde som:

- Ligg i og ved byar og tettstader.
- Blir eller har potensial for å bli mykje brukt.
- Ligg i område med lite tilgjengeleg strandsone og stort press på areala.
- Ligg nær innlandsvassdrag.

Midlane skal nyttast til opparbeiding av området, tilrettelegging og skjøtsel. Aktuelle tiltak er til dømes informasjonstavler, opparbeiding av adkomstveg og parkeringsplass, turveg eller tursti, fiskeplassar, tiltak for tilgjengelelse for personar med nedsett funksjonsevne, brygge, badeplass, toalett, søppelstativ, formidling av kulturminner, tilplanting og skjøtsel. Midlane skal ikkje nyttast til drift av friluftslivsområdet. Det blir stilt krav om at kommune/friluftsråd har utarbeid forvaltningsplan for friluftslivsområdet som skal vere godkjent av fylkesmannen.

Kommunar og interkommunale friluftsråd kan søkje på ordninga. Ein frivillig organisasjon kan ta hand om den daglege drifta av friluftsområdet.

### Søknader for 2015

Miljø og klimadepartementet har for 2015 fordelt kr 23.070.000 til fylkeskommunane til tiltak i statleg sikra friluftsområde, kap. 1420, post 78. Hordaland fylkeskommune har fått kr 3 mill til vidare fordeling. Kr 300.000 av desse er øyremerka tilrettelegging for universell utforming. Det er 22 søknadar med samla søknadsbeløp på kr 14.934.440.

**Bergen og Omland Friluftsråd (BOF)** driv med tilrettelegging, skjøtsel og drift av friluftsområder i 17 kommunar med eit samla innbyggertall på 423 509 (pr 1.1.2015). Utgangspunkt for søknaden er den langsigtige forvaltningsplanen for alle friluftsområda. Planen blir revidert i forkant av kvart år og gir ei samla oversikt over behova for tilrettelegging. To til fem statleg sikra friluftsområder er prioritert i kvar kommune med ein samla kostnad på kr 23.300.000. Kostnad for dei prioriterte tiltaka i kvar kommune er spesifisert. Med utgangspunkt i forvaltningsplanen og tildelte midlar, blir det kvart år utarbeid ein arbeidsplan. Meir informasjon om dei aktuelle områda finn ein på [www.bof.no](http://www.bof.no). Alle dei statleg sikra friluftsområda er registrert i naturbasen.

BOF søker om kr 9.6 mill for å gjennomføre tiltak i dei 19 friluftsområda med høgast prioritert (eitt område i kvar kommune og 3 i Bergen); Kollevåg i Askøy, Sveholmen i Austevoll, Årvikane i Austrheim, Tennebekktjern, Helleneset og Sandholna i Bergen, Hissøyna i Fjell, Fusaneset i Fusa, Ploganes i Kvam, Litlevågen i Lindås, Varnappen i Meland, Mobergsvik i Os, Husavatnet på Osterøy, Skageneset i Radøy, Gjerdsvikkjo i Samnanger, Sætrevika i Sund, Apalvika i Tysnes, Stanghelle brygge i Vaksdal og Skogsøy i

Øygarden. Kostnaden er på kr 13.2 mill. I tillegg søker BOF om kr 300.000 til å sikre 30 friluftsområder som er utsett for vindfall etter stormen i januar 2015.

**Austrheim kommune** er medlem av BOF. Dei søker om kr 105.440 til å oppgradere tilkomstveg og parkeringsplass fram til universell turveg i Årvika friluftsområde for at området skal kunne nyttast av alle. Planlagte tiltak har ein kostnad på kr 192.440. Årvika friluftsområde er prioritert som nummer 1 for Austrheim i BOF sin forvaltningsplan, men der vert det søkt om midlar til andre tiltak. Tiltaket er eit samarbeid mellom kommunen, BOF og Fonnes Bygdelag.

**Askøy kommune** er medlem av BOF. Dei søker om kr 434.000 til vidareutvikling av ute scene (fjellsikring av "Krateret") og ferdigstilling av informasjonstavler for formidling på Herdla friluftsområde. Planlagte tiltak har ein kostnad på kr 1.359.000. Herdla fort har prioritert nummer 4 for Askøy i BOF sin forvaltningsplan.

**Friluftsrådet Vest (FV)** har ansvar for friluftslivsområder i seks kommunar i Hordaland med eit samla innbyggertall på 56.385 (pr 1.1.2015). Utgangspunkt for søknaden er forvaltningsplanen for alle friluftsområda. I sine søknadar ber dei om midlar til 15 statleg sikra friluftsområder for å gjere dei meir tilrettelagt for ålmenna. Dei søker om kr 4.295.000 til følgjande friluftsområder; Ådlandsvatnet, Sætrevika, Nautøy og Vikasanden på Stord, Kalven og Bjøllelevågen i Kvinnherad, Smedaholmen og Teløy i Fitjar, Breivika, Ulvesøy, Furuneset, Barmane, Plassaholmen og Hisøy på Bømlo, Holsvika i Sveio. Samla kostnad for planlagte tiltak er kr. 5.730.000. For å kunne samanstille deira søknad i høve til BOF utfordra fylkesrådmannen FV å prioritere eit friluftsområde i kvar kommune. Deira prioriteringar er; Ådlandsvatnet på Stord, Brevika på Bømlo, Kalven i Kvinnherad, Smedaholmen på Fitjar og Holsvika på Sveio. Samla søknadssum til desse områda er kr 1.6 mill.

**Granvin Herad** søker om kr 40.000 til opprydding etter gamal jernbanetrase ved Øyrane bygdatun og kr 160.000 til å leggje ut lense ved Grandane badeplass for å hindre rekved og søppel å kome inn på stranda.

### Vurdering

Kriteria Klima og miljødepartementet har sett for ordninga ligg til grunn for fylkesrådmannen sine vurderinger. Såleis vert friluftsområde som ligg i og ved byar og tettstader som blir eller har potensial for å bli mykje brukt, og som ligg i område med lite tilgjengeleg strandsone og stort press på areala prioritert. I tillegg er tildelingane sett i samanheng med sikringssaker i Hordaland dei seinare åra (kap. 1420, post 30).

Den totale søknadssummen går langt ut over tilgjengelege midlar til fordeling. Såleis tilår fylkesrådmannen å tildele friluftsråda ein samla sum som dei kan prioritere fordeling av ressursar til dei omsøkte prosjekta med størst behov. Fordelinga mellom friluftsråda er vurdert ut frå søknadssum, tal medlemskommunar og tal innbyggjarar. BOF har prioritert landfaste friluftsområde der mange ligg ved tettstad og by jr. kriteria. 3 av 5 prioriterte friluftsområda til Friluftsrådet Vest er båtfartsområde. Fylkesrådmannen tilår at BOF får tildelt 75% av totalbeløp (3 mill.), som gir ein dekningsgrad på 24%. Kr 100.000 av desse midlane er øyremarka tiltak knytta til universell utforming. Friluftsrådet Vest får 19% av totalbeløp, som gir ein dekningsgrad på 35%. Kr 120 000 av desse midlane er øyremarka tiltak knytta til universell utforming.

Årvika friluftsområde er prioritert som nr. 1 i Austrheim i BOF sin forvaltningsplan. BOF vurderer Austrheim kommune sine tiltak som viktigare enn deira for å gjere området tilgjengeleg for ei breiare brukargruppe. Såleis tilår fylkesrådmannen å støtte dette tiltaket med øyremarka universell utforming midlar. Herdla friluftsområde er prioritert som nr. 4 for Askøy i BOF sin forvaltningsplan. Tiltaket er relativt ressurskrevjande og vert såleis ikkje prioritert. Granvin herad har 2 søknadar og fylkesrådmannen tilår å støtte opprydding etter gamal jernbanetrase.